

Eksamen

16.november 2016

HUD2001

Helsefremmande arbeid/Helsefremmende arbeid

Programområde: Hudpleie Vg2

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verkty som kan nyttas til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du nyttar kjelder i svaret ditt, skal desse alltid listas opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal oppgi forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du nyttar utskrift eller sitat frå Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. Det er til dømes ikkje tilstrekkeleg med www.wikipedia.no</p>
Vedlegg	
Informasjon om vurderinga	<p>I vurderinga vil det bli lagt vekt på følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none">• Gjere greie for krav som stillas til god hygiene i hudpleiefaget• Anvende korrekt fagterminologi• Syne kunnskap om miljøomsyn i høve til produktval• Syne kunnskap om hudas aldringsprosess og ulike hudforandringar som oppstår, og kva for tiltak vi som terapeutar kan gjera for å betre dette.• Syne kunnskap om korleis helse, levevaner, fysisk aktivitet og kosthald heng saman, og korleis dette kan påverke huda.• Syne kunnskap om hudas oppbygging og funksjon <p>HUSK Å NUMMERE OPPGÅVENE I SVARARKET</p>

Kompetansemål som blir lagt vekt på i vurderinga:

Eleven skal:

- *Gjere greie for dei krav som stillas til personleg hygiene i hudpleiefaget*
- *Gjere greie for hudas, hårets og neglenes oppbygning og funksjon og gje eksempel på ulike behandlingsmetodar*
- *Gjere greie for betydninga av god hygiene for å førebygge sjukdom og hindre smitte, og kunne demonstrere viktige hygienetiltak i hudpleiefaget*
- *Drøfte og gje eksempel på ulike tiltak for å førebygge og forbetre hudforandringar.*
- *Drøfte samanhengen mellom helse, levevaner, fysisk aktivitet og kosthald*

Case:

Du er i praksis ved Elvebyen spa og velværesenter. Dei arrangerer kurs for både nye og gamle kundar denne kvelden. Temaa for kvelden er både hygiene, hudforandringar og kosthald i høve til hud. I tillegg kjem det to leverandørar som skal få lov til å profilere sine produkt.

Du har blitt utfordra til å bidra på ulike tema.

Oppgåve 1

- a) Gjer greie for hygiene og reinhald på spa og velværesenteret. Kundane som er tilstade skal få informasjon om dette for å bli tryggare på at hygienen er tatt hand om. Det har vore nokre klager på dette tidlegare frå kundar, og den daglege leiaren ynskjer at dette skal vera eit område dei er gode på.
- b) Kva er viktig for deg som hudpleiar å tenke på for å oppretthalde god hygiene i ditt møte med kundane dine.

Oppgåve 2

Dei tilsette på senteret får stadig spørsmål frå kundar som opplever ulike hudforandringar og som ynskjer informasjon om kva dei kan gjera med desse. Derfor har dagleg leiar gitt leverandørane beskjed om å ha fokus på hudforandringar i sitt møte med kundane denne kvelden.

- a) Korleis kan kundane sjølv førebygge dei ulike alderstypiske hudforandringane? Drøft dei ulike tiltaka og grunngje svaret ditt.
- b) Ta utgangspunkt i pigmentforandringar og couperose. Drøft korleis du som hudterapeut kan førebygge og forbetre desse.

Oppgåve 3

Gjer greie for keratiniseringsprosessen.

Oppgåve 4

Drøft samanhengen mellom kosthald og frisk hud. Korleis kan du på denne kundekvelden syne i praksis ved hjelp av smaksprøver, og forklare gjennom foredrag kva ein bør ete og kva ein ikkje bør ete for å førebygge hudproblem?

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderingen	<p>I vurderingen vil det bli lagt vekt på følgende:</p> <ul style="list-style-type: none">• Gjøre rede for krav som stilles til god hygiene i hudpleiefaget• Anvende korrekt fagterminologi• Vise kunnskap om miljøhensyn i forhold til produktvalg• Vise kunnskap om hudens aldringsprosess og ulike hudforandringer som oppstår, og hvilke tiltak vi som terapeuter kan gjøre for å bedre dette.• Vise kunnskap om hvordan helse, levevaner, fysisk aktivitet og kosthold henger sammen, og hvordan dette kan påvirke huden.• Vise kunnskap om hudens oppbygging og funksjon <p>HUSK Å NUMMERE OPPGAVENE I SVARARKET</p>

Kompetansemål som blir lagt vekt på i vurderingen:

Eleven skal:

- *Gjøre rede for de krav som stilles til personlig hygiene i hudpleiefaget*
- *Gjøre rede for hudens, hårets og neglens oppbygning og funksjon og gi eksempler på ulike behandlingsmetoder*
- *Gjøre rede for betydningen av god hygiene for å forebygge sykdom og hindre smitte, og kunne demonstrere viktige hygienetiltak i hudpleiefaget*
- *Drøfte og gi eksempler på ulike tiltak for å forebygge og forbedre hudforandringer.*
- *Drøfte sammenhengen mellom helse, levevaner, fysisk aktivitet og kosthold*

Case:

Du er i praksis ved Elvebyen spa og velværesenter. De arrangerer kurs for både nye og gamle kunder denne kvelden. Temaene for kvelden er både hygiene, hudforandringer og kosthold i forhold til hud. I tillegg kommer det to leverandører som skal få lov til å profilere sine produkter.

Du har blitt utfordret til å bidra på ulike tema.

Oppgave 1

- a) Gjør rede for hygiene og renhold på spa og velværesenteret. Kundene som er tilstede skal få informasjon om dette for å bli tryggere på at hygienen er ivaretatt. Det har vært noen klager på dette tidligere fra kunder, og den daglige lederen ønsker at dette skal være et område de er gode på.
- b) Hva er viktig for deg som hudpleier å tenke på for å opprettholde god hygiene i ditt møte med kundene dine.

Oppgave 2

De ansatte på senteret får stadig henvendelser fra kunder som opplever ulike hudforandringer og som ønsker informasjon om hva de kan gjøre med disse. Derfor har daglig leder gitt leverandørene beskjed om å ha fokus på hudforandringer i sitt møte med kundene denne kvelden.

- a) Hvordan kan kundene selv forebygge de ulike alderstypiske hudforandringene? Drøft de ulike tiltakene og begrunn svaret ditt.
- b) Ta utgangspunkt i pigmentforandringer og couperose. Drøft hvordan du som hudterapeut kan forebygge og forbedre disse.

Oppgave 3

Gjør rede for keratiniseringsprosessen.

Oppgave 4

Drøft sammenhengen mellom kosthold og frisk hud. Hvordan kan du på denne kundekvelden vise i praksis ved hjelp av smaksprøver, og forklare gjennom foredrag hva man bør spise og hva man ikke bør spise for å forebygge hudproblemer?



www.vigoiks.no/eksamen